

# Årsmelding

# Samnanger Turlag

# 2015



*Foto: Svein O. Aadland, på fellestur til Jarlandsfjellet juni 2015*

## Samnanger Turlag

Samnanger Turlag vart stifta i februar 2014 og tatt opp som det 13. lokallaget under Bergen og Hordaland Turlag i november 2014. Me har i 2015 hatt fylgjande styre:

Leiar	Evy Gjerde Urås
Styremedlem, kasserar	Vibeke Raae
Styremedlem, tryggleiksansvarleg	Niels Dyrøy Bødker
Styremedlem, sekretær	Hilde Jørgensen
Styremedlem	Ole Johan Klyve

Vår overordna målsetjing er å få Samningane, ung som gamal, ut på tur.

Samnanger hadde ved utgangen av 2015 157 DNT medlemar. Me håpar endå fleire kjem til i åra som kjem og at det nye familiemedlemskapet til DNT blir populært. Alle er hjarteleg velkomne som medlemar i vårt turlag/DNT, og me håpar mange vil vere med oss ut på tur i 2016 - familieåret i DNT.

Vi ynskjer også hjarteleg velkommen alle som kan tenke seg å bidra som frivillige i laget. Ta kontakt!

◀ Kom deg ut

Meld deg inn ▶

## Hyttetilsyn Gullhorgabu

Bergen og Hordaland Turlag si nyaste hytte, Gullhorgabu, ligg ved Nedre Gulltjørn i Samnanger Kommune. Samnanger Turlag har tilsyn med hytta. Hyttetilsynet har i 2015 vore samansett slik:

Leiar	Niels Dyrøy Bødker
Medlem	Arnfinn Jørgensen
Medlem	Margunn Lønnebakken
Medlem	Vigleik Tysseand
Medlem	Ole Johan Klyve

Snøen låg uvanleg lenge i fjellet i 2015. Derfor kom sesongen seint i gong, men fint vêr på hausten gjorde sitt til at besøkstalet likevel tok seg noko opp mot slutten på året.



Hyttetilsynet har i 2015 hatt 6 ordinære tilsyn. I tillegg til dette har me i både juni og november hatt dugnadshelg med helikoptertransport av sengetøy, ved, gass, proviant, m.v. Totalt har tilsynet lagt ned over 200 dugnadstimar i løpet av året.

*Foto: Niels Dyrøy Bødker*

Det er behov for tilpassingar i samansettinga av gruppa. Det er uforholdsmessig stor belastning på enkeltpersonar i tilsynet. To personar, som begge har kompetanse til å ferdest i vinterfjellet, har vist interesse for å bli med i tilsynet. Tilpassinga i gruppa, og påfølgjande opplæring av nye deltakarar, vil skje så fort som mogleg.

## Tryggleik på tur

Eit turlag må ha fokus på tryggleik og vurderer risikoen på arrangementa ein tilbyr. I Samnanger Turlag har Niels D. Bødker rollen som tryggleiksansvarleg.

Eit fokusområde for å styrkja tryggleiken er å utdanna turleiarar etter DNT sitt eige program. Ved utgangen av 2015 har tre personar grunnleggjande turleiarkurs. Me håpar at me får fleire til å ta grunnleggjande kurs i 2016. Me har allereie 6 personar som har vist interesse for å bli med på eit sånt kurs. Likeeins håpar me at nokon går vidare på sommarturleiarkurs også, slik at me kan bruka utdanna turleiarar på fellesturane våre. Dette vil kunne gje ei større breidde i turtilbodet, med eksempelvis turar over fleire dagar i fjellet og turar i fjellområde utanfor nærområdet vårt.

For å dekke trongen for trykkleik på aktivitetar i tilknytning til vatn, har me knytt til oss tre personar med livredningskurs. Ein av desse sit i styret, medan ein annan har grunnleggjande turleiarkurs.

Turane våre er gradert etter vanskegrad, slik at ein sjølv kan vurderer om det er ein tur ein klarer å delta på. På lengre turar og påmeldingsturar vil turleiar verifisere i forkant av turen om alle deltakarane har føresetnad og utrustning til å gå turen. Spesielt dette forholdet vil me ha ekstra fokus på i 2016. På to av dei lengre turane i 2015 hadde me med deltakar som potensielt kunne ha skapt unødvendige problem for heile gruppa. Det vart avgrensa til noko ubehag for dei det gjaldt, men er likevel å sjå på som uønskte hendingar. På påmeldingsturen til Gullhorgabu i august, vart ein deltakar avvist i påmeldingsprosessen då ho vart vurdert til å ikkje kunne gjennomføre turen under dei aktuelle snøforholda. På DNT-Ung turen var det nokre som ikkje hadde optimal utrustning, men då det ikkje var so lang tur i gangtid fekk alle lov å vere med denne gangen, og det vart tatt opp med dei føresette.

I DNT-systemet er det gode malar og skjema som me nyttar i tryggleiksarbeidet. I forkant av turane får nye turleiarar tilsendt ein link til skjema for risikovurdering. Dette skjemaet skal, saman med ei evaluering av turen, sendast til turlaget sin e-post eller dropbox for gjennomgang, evaluering og arkivering.

## Program

I 2015 har me hatt 20 fellesturar på programmet, i tillegg til Kom Deg Ut-dagen i februar og i september. Me arrangerte og #nattaturen, eit initiativ i samband med Friluftslivet sitt år 2015.

Friluftslivet sitt år vart opna av kommunen med ein flott kveldsmattur til Ospekleiva 13. januar. Turlaget var invitert med og deltok saman med blant anna ordføraren. Opningsarrangementet vårt i 2015 var Kom deg ut-dagen i lysløypa på Gullbotn søndag 1. februar. Arrangementet var eit samarbeid mellom Samnanger Turlag, Samnanger kommune og Aldal friluft og vart ein suksess. Kommunen koordinerte med Statens vegvesen slik at me fekk brøyta ein ekstra parkeringsplass i sørenden av Langavatnet, samt bidrog med støtte til busstransport mellom nevnte parkering og lysløypa. Og det var nødvendig, for det var fantastisk vær og masse folk! Me hadde aktivitetar som

turtipp, skiskyting, aking, slalåm, hopp, bylgjeløype, skileik, ansiktsmaling og grilling. Det er heilt umogleg å seie kor mange som var innom i løpet av dagen, sidan mange som var på Gullbotn for ein vanleg skitur stoppa hjå oss og, men me antek at det kan ha vore opp mot 400 personar.

#nattinaturen 5. - 6. september og Kom deg ut-dagen 6. september vart begge arrangert ved Frøland Kraftverk. BKK ved Frøland Kraftverk var veldig hjelpsame. Dei gav oss tilgang til toalett, utemøblar og straum og rydda området for oss. Me var kjempeheldig med været, og hadde strålende vær begge



dagane. På #nattinaturen hadde me kanoar, badminton, volleyball og varme bålpanner til fri bruk. Då det vart mørkt (ca. kl. 21.15), serverte me popcorn og varm drikke, og viste ein animasjonsfilm som utekino på veggen på kraftstasjonen. Vel 100 personar møtte, der 73 små og store og to hundar overnatta fordelt på 23 telt.

Foto: Evy Gjerde Urås

På Kom deg ut-dagen hadde me nærare 180 deltakarar. Her hadde me aktivitetar som turtipp, ansiktsmaling, pil og boge, knuteskule, kanopadling, bowling og naturfageksperiment. I tillegg samarbeida me med Rita Taule (Sigmundstovo), som stilte med smaksprøvar på mat «frå naturen». Ho serverte kebabspyd med ville urter og ugrassalat og tyttebærketchup, blåbær suppe og saft av mjøldurt. Turlaget hadde i tillegg varme bålpanner, slik at folk kunne grille mat dei hadde med.



Borna sitt turlag har hatt tre kveldsmatturar på våren (mars-mai) og fire på hausten (august-november). Det har vore god oppslutnad om desse turane, med eit snitt på 25 personar. Me såg i 2014 at dei turane kor me «berre» gjekk på tur vart litt lange og kjedelege for dei minste, så i år har me hatt meir fokus på lek og aktivitetar på kveldsmatturane. Me har blant anna laga turbinar av poteter og plastikkseier, laga troll på utsagde treskiver frå eit grantre, vore på badetur, og vore på skattejakt med hovudlykt. På fleire av kveldsmatturane har det og vore grilling på bål eller bålpanne. Maskoten Turbo har sjølvsagt vore med. Av og til som bamse som barna får bere, og av og til har han jammen dukka opp i levande live også. Det var stor stas for dei fleste, men og litt skummelt for nokon.

Det har vore fem familieturar av ulik lengde. Den fyrste var fastelavenstur der me serverte bollar og pynta omgjevnadane med fjør. Me hadde nærare 60 personar med på denne søndagsturen. Elles har det vore både skiturar, fotturar og turar med dramatiseringar frå tidlegare tider.

Nytt av året var ein eigen DNT Ung-tur. Dette var ein helgetur med overnatting i lavvo, der 10 ungdommar frå kommunen deltok saman med to turleiingar. Suksessen har gjort at me i 2016 utvidar programmet med fleire turar for ungdom.

I snitt deltok 21 personar på turane våre i 2015 mot 26 i 2014. Styret er nøgd med oppmøtet, men me ynskjer fortsatt meir deltaking, og spesielt på turane for ungdom/vaksne. Velkommen ut på tur!

## Folk til Fjells

Me har haldt fram med Folk til fjells. Det er ei turpostordning som har vore i kommunen sidan 1998.

Det er tre faste poster som har gått att sidan 1998: Raudvatnet, Nordvikasætra og Smådalen. I tillegg er det fire postar til kvart år. I 2015 plukka me ut Fløyen ved Sævild, Hagaåsen (Kampen), Klungerdalen og Flesjane for å spreie turmåla ut over kommunen. Flesjane kunne kombinerast med O-gruppa si turorienteringsløype. I Rolvsvåg finst det i tillegg eit eige lokalt turpostopplegg.

Me har talt opp kor mange som har skrive i bøkene i 2015.

Raudvatnet	546 (Snitt 478)
Nordvikasætra	300 (snitt 262)
Smådalen	363 (snitt 352)
Fløyen ved Sævild	172
Hagaåsen (Kampen)	130
Klungerdalen	171
Flesjane	93
Til saman	1775



Det er litt under snittet på 1834 noteringar pr. år frå 1998-2015. Dei tre faste postane gjer det bra i 2015 og. Kva turmål ein plukkar ut påverkar statistikken. Sesongen var også prega av at snøen låg lenge i fjellet. Dei fleste bøkene kom ut til 1/6, medan eit par fyrst mot slutten av juni.

Me har trekt 3. premiar blant dei som har skrive i bøkene.

1. premie; Travelliner silkelakenpose Lisbeth Aadland, Lindane (Raudvatnet)
2. premie; Bergans 3l hoftesekk Thomas Tveiterås Aldal, Helgatone (Flesjane)
3. premie; DNT ullhue Cato A. Marken, Hagabakkane (Klungerdalen)

## Økonomi

Rekneskapen for 2015 er gjort opp med eit overskot på kr 25 032,22 mot budsjett på kr 15 000 i overskot. Me har mottatt kr 59 500 i ulike tilskot/støtte/dugnadsmidlar. I tillegg er det nytt for oss med inntekter på medlemskontingent frå DNT og grasrotandel frå Norsk Tipping. På inntektssida fekk me ca. kr 12 000 mindre i omsøkte midlar og kontingent enn budsjettert. Inntektssida er likevel høgere enn budsjett, då me har synt inntektene på Kom deg ut-dagane og på arrangement med deltakaravgift som er budsjettert i null. Desse inntektspostane går mot kostnader knytt til desse arrangementa og gir oss ikkje noko overskot. Kom deg ut-dagen i haust gjekk i underskot, då me klinka til med eit alternativt #nattinaturen-arrangement natt til Kom deg ut-dagen, og brukte ein del pengar der. Det tykkjer me det var verdt, både i deltaking, oppleving, publisitet og tilbakemelding frå dei som deltok og andre. Kanskje gjentek me suksessen ved eit anna høve?

Me har haldt fram med hyttetilsyn på Gullhorgabu og med partnerskapsavtalen med kommunen om vedlikehald av turstiar og å arrangere ulike arrangement gjennom året. Dette gir oss gode dugnadsmidlar som me kan bruke på aktivitet og investering i turutstyr. Me dreg og nytte av oppstarts- og etableringsmidlar frå Bergen og Hordaland Turlag, som og framover vil verte nytta til både utstyr og aktivitet.



I 2015 har me hatt kr 53 605,29 i utgifter. Me bruker lokalavisa til annonsering forutan heimesida og sosiale mediar. Det går med litt diverse forbruksmateriell på turane, spesielt til Borna sitt turlag, samt utgifter i samband med overnattingsturar. Me har investert i meir naudsynt turutstyr, og har kjøpt lavvo, vasstett kamera (støtte frå SPV), greinsaker, vindsekkar, vandrestavar og turleiarjakker til dei 3 turleiarane me har utdanna. Me hadde budsjettert med investering i satellittelefon, beachflagg og skredsøkarutstyr, men det er ikkje kjøpt inn i 2015. Me har heller ikkje hatt nokon på kurs i 2015.

Dei midlane som er til overs vidarefører me til aktiviteten i 2016. Me ser oss nøydd til å ha pengar att på bok for å kunne dekke arrangementskostnader for fyrste halvår, då midlar ein kan søke på ikkje vert utbetalt før i juni eller etter at arrangementet er ferdig og rapportert på, og dermed betalt for og.



## TAKK

Me vil til slutt takke dei som har støtta oss, stilt opp som frivillige og deltatt i året som har gått.

Tusen takk til Samnanger Kommune, Sparebanken Vest, Bergen og Hordaland Turlag og DNT for økonomisk støtte. Tusen takk til Beate Helle for flott designjobb på programma våre, og takk til alle som køyrde/delte ut programma i postkassane.

Stor takk til Bergen og Hordaland Turlag for godt samarbeid og god rettleiing gjennom året. Takk for godt samarbeid til Samnanger Kommune og Aldal Friluft. Stor takk til BKK på Frøland for all velvilje og tilrettelegging i samband med #nattinaturen og Kom deg ut-dagen, og for lån av hytte i Dukabotn. Tusen takk til Rita Taule for bidrag på Kom deg ut-dagen, og Anna Sævold og Monica Tjønna for kunstnarisk utforming i andleta til uendeleg mange nøgde born. Tusen takk til familien Aadland Olsnes for å opne opp Ospekleiva for oss og for dramatisering av livet på husmannsplassen. Tusen takk til historielaget ved Tor Wold og Kai Morten Kleivane for historier om kraftutbygginga på jubileumsturen til Skreea.

Tusen takk for ein fantastisk jobb til heile hyttetilsynet og alle andre som har vore med på dugnad på Gullhorgabu eller hjelpt hyttetilsynet når ein har vitja hytta.

Tusen takk til alle som har stilt som turfylgje/turleiar i 2015 og dei som har hjelpt til i samband med turane/arrangementa våre eller lagt ut/henta bøker for Folk til Fjells. Og tusen takk til alle som har vore med og rydda stiar med oss. Gull verdt!

Til slutt må me få takke alle som har deltatt på vårt aktivitetstilbod i 2015. Me håpar de blir med oss i 2016 og, og dra gjerne med svigermor eller naboen – eller begge! Og dersom nokon er gløymt sender me ei stor takk til dei og.